



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/2655-1

## **Økonomiplan 2017 - 2020 - Innspel, prosess, arbeidsdeling og framdriftsplan**

**Innspel til økonomiplan vert framlagt i møtet frå medlemmene i fylkesrådet.**

**Vedlegg:**

Økonomiplan 2017 – 2020, innspel, prosess, arbeidsdeling og framdriftsplan

**Andre dokument som ikkje ligg ved:**

Arbeidsdokument 2/16

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Finansutvalet handsama i møte den 2.mars 2016 arbeidsdokument 2/16. Dokumentet er tilgjengeleg på fylkeskommunen si heimeside, [www.sfj.no](http://www.sfj.no) I punkt 2.3 opplyste fylkesrådmannen at blant anna fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne skulle bli orientert om prosess, arbeidsdeling og framdriftsplan samt bli invitert til å kome eventuelle innspel/merknader.

Når det gjeld eventuelle innspel eller merknader til økonomiplan 2017-2020 kan det handsamast på to måtar:

- I arbeidsdokument 3/16 den 4. mai 2016. Frist er 20.april 2016,
- I saka til fylkestinget i juni 2016. Frist er 20.mai 2016.

Når det gjeld prosess og arbeidsform vart det vedteke å nytta tilsvarande prosess og arbeidsform som våren 2015. Nedanfor er den fastsette prosessen, arbeidsdelinga og framdriftsplan i høve arbeidet med økonomiplan 2017-2020 fram mot fylkestinget i juni 2016 lista opp.

Dato	Arbeidsoppgåver	Politisk nivå	Adm. Nivå
<b>02.03.2016</b>	Finansutvalet godkjenner skisse til prosess og framdrift	FINU	
<b>Mars - april</b>	Administrativ utgreiingsfase		FRM
<b>04.05.2016</b>	Framlegging av utgreiingsrapportar – utan tilrådingar/konklusjon	FINU	
<b>11.05.2016</b>	Framlegging av kommuneproposisjonen 2017	(KMD)	
<b>12.05.2016</b>	Orientering om administrative utgreiingar og kommuneproposisjonen for eit samla fylkesting. Påfølgjande møte i hovudutvala.	FT HU	
<b>24.05.2016</b>	Utsending av fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2017-20		FRM
<b>31.05.2016</b>	Hovudutvala si handsaming	HU	
<b>01.06.2016</b>	Fylkesutvalet si handsaming	FU	
<b>14/15.06 2016</b>	Fylkestinget si slutthandsaming	FT	